



FYLKESMANNEN I ROGALAND UTDANNINGSAVDELINGA

TILSYN MED TIME KOMMUNE

TIDSPUNKT: 1.mars Vår ref: 11/1106

KOMMUNEN SI ADRESSE: Time kommune, P.b. 38, 4349 Bryne

KOMMUNENUMMER: 1121

TILSYNSGRUPPE: Randi Gording, Hanne Sørli Ronæss

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Ørjan Daltveit, kommunalsjef oppvekst

Heimel for tilsynet

Heimelen for Fylkesmannen sitt tilsyn er barnehagelova § 9, andre ledd:
Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører de oppgaver den som barnehagemyndighet er pålagt etter denne lov.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet var kommunen som lokal barnehagestyresmakt, og med fokus på desse områda:

- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16,
- Kommunen som godkjenningsorgan, jf. barnehagelova § 10

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet

Avvik 1

Time kommune sine pålegg etter tilsyn med barnehagane er ikkje fatta i vedtaks form.

Merknad 1

Time kommune sine rapportar etter tilsyn er for tilbakehaldne med å gi merknader, eventuelt også avvik, ved funn i barnehagane. Pålegg om retting bør også konkretiserast betre i rapportane.

Merknad 2

Tilsynsrapportar og godkjenningsvedtak er ikkje underskrivne i samsvar med delegeringsreglement.

Stavanger, 21.mars 2011

Hanne Sørli Ronæss
rådgivar/tilsynsleiar

Randi Gording
rådgivar

Innhald

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknad
5. Gjennomføring
6. Oppfølging

Vedlegg

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Time kommune 1.mars 2011. Tilsynet er eit ledd i Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagestyresmakt. Tilsynet er utført som systemrevisjon og er retta mot kommunen som barnehagestyresmakt for offentlege og private barnehagar.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innanfor oppgitt emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndighet.

Formålet med tilsynet var å vurdere kva Time kommune som barnehagestyresmakt gjer for å ivareta ansvar og plikter som er fastsette i regelverket. Tilsynet omfattar kommunen sine rutinar og system for å ivareta lovkrav, ikkje personrelaterte forhold. Tilsynet omfattar mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av om reglar og rutinar blir følgde opp i praksis. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

AVVIK: blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

MERKNAD: gjeld forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som tilsynet meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om barnehagar
- Forskrift til barnehagelova
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet:

Avvik:

Time kommune sine pålegg etter tilsyn med barnehagane er ikkje fatta i vedtaks form.

Avvik fra:

Barnehagelova § 16, jf. forvaltningslova § 2 bokstav b, § 16 og kap. V.

Lovkommentar

Kommunen som barnehagestyresmakt skal føre tilsyn med den enkelte barnehagen.

Kommunen skal gjennom tilsynsverksemda si sjå til og sikre at barnehagane i kommunen driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege. Tilsynet etter barnehagelova skal omfatte alle krav stilte i lov og forskrifter. Tilsynsansvaret omfattar også tilsyn med innhald og kvalitet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er gitt i Rammeplanen, som er ein reiskap for barnehagen sine tilsette og eit grunnlag for kommunen sitt tilsyn med verksemda.

Kunnskapsdepartementet sin rettleiar ”Tilsyn med barnehagar” viser til at kommunen sitt tilsynsansvar er ei omfattande oppgåve som gjer det nødvendig å ha ein plan med omtale av kva tilsynet omfattar og kor ofte det skal utøvast. Kommunen si organisering av tilsynet må sikre reell likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Som barnehagestyresmakt skal kommunen også kontrollere at opplysninga gitt av eigar om talet på barn, barna sin alder og opphaldstider, stemmer med dei faktiske forholda og med godkjenninga. (Barnehagelova §§ 8, 10 og 16.)

Dersom kommunen oppdagar ulovlege eller uforsvarlege forhold, kan den gi pålegg om retting. Pålegget skal vere konkret og giast i vedtaks form, i tråd med reglane i forvaltningslova.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Rapportar etter tilsyn i 2010 viser at det er gitt pålegg til to barnehagar med heimel i bhgl. §16. Intervju bekreftar at ein i rapportane har meint å gi pålegg i lova si forstand, sjølv om omgrepene pålegg ikkje er brukta.
- Rapportane gir ikkje opplysningar om klagerett, klagefrist, klageinstans og den nærmare framgangsmåten ved klage.
- Ein barnehage er etter tilsyn pålagt å lyse ut ei 20% stilling som pedagogisk leiar, utan at det er gitt klagerett på dette.
- Intervju viser at kommunen har informert munnleg om forventa avvik på førehand, men det er ikkje gitt varsel om vedtak.

4. Merknader

Fylkesmannen har gitt følgjande merknader:

Merknad 1

Time kommune sine rapportar etter tilsyn er for tilbakehaldne med å gi merknader, eventuelt også avvik, ved funn i barnehagane. Pålegg om retting bør også konkretiserast betre i rapportane.

Merknaden er basert på følgjande observasjonar:

- Intervju viser at det er gjort observasjonar som blir drøfta med styrarane, men desse går ikkje fram som merknader (eller avvik) i rapportane. I nokre tilfelle går dei fram av ei generell vurdering av barnehagen, i andre tilfelle ikkje.
- I ein barnehage er det gitt avvik etter tilsyn i høve til norm for pedagogisk bemanning, og manglande søknad om dispensasjon. Det er likevel ikkje tatt stilling til kravet i barnehagelova om at bemanninga må vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei forsvarleg pedagogisk verksemd / kor mange pedagogiske leiarar det er forsvarleg å ha på dispensasjon.
- I to rapportar etter tilsyn er det konkludert med avvik/ pålegg om retting utan at rapportane er eintydige på korleis barnehagane skal lukke avviket/ følgje opp pålegget.
- I rapporten frå den eine barnehagen er det eit eige punkt ”Oppfølging”, men her er både oppfølging av avvik og merknader lista opp, utan at det er skilt mellom desse.

Merknad 2

Tilsynsrapportar og godkjenningsvedtak er ikkje underskrivne i samsvar med delegeringsreglement.

Merknaden er basert på følgjande observasjonar:

- Vedtaksmakt etter barnehagelova er i følgje delegeringsreglement frå 2010 lagt til kommunalsjef for tenesteområde oppvekst. Vidare delegering går ikkje fram.
- Dokumentasjon og intervju viser at godkjenningsvedtak og tilsynsrapportar, med og utan pålegg om retting, vert skrivne under av rådgivar og/eller konsulent barnehage.

5. Gjennomføring

Tilsynet er gjennomført på følgjande måte:

Varsel sendt ut: 01.02.11

Åpningsmøte: 01.03.11

Intervju: 01.03.11

Sluttmøte: 17.03.11

I vedlegg 2 er det gitt oversikt over deltakarane på tilsynet.

6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Time kommune om korleis avviket i rapporten er følgt opp **innan 1.juni 2011**.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt fra Time kommune:

1. Organisasjonskart for Time kommune
 2. Delegeringsreglement
 3. Administrativ organisering i Time kommune, politisk sak fra 2002
 4. Politisk sak om tilsyn med barnehagar, inkludert Kommunal plan for tilsyn med barnehagane i Time kommune
 5. Politisk sak om Tilsyn i barnehagar 2010, med tilsynsrapportar frå sist tilsyn
 6. Brev om oppfølging etter tilsyn
 7. Eksempel på Varsel om tilsyn
 8. Godkjenning av sju barnehagar, med vedtak og godkjenningsskjema
-

Vedlegg 2: Oversikt over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarar frå kommunen som deltok i åpningsmøte, intervju og sluttmøte.

Navn	Funksjon	Opnings-møte	Intervju	Sluttmøte
Brit Nilsson Edland	Rådmann			X
Ørjan Daltveit	Kommunalsjef oppvekst	X	X	X
Grethe Thu Skadberg	Rådgivar	X	X	X
Helga M. Sigbjørnsen	konsulent	X	X	X
Keth Aga	Eigar Nubben familiebarnehage	X	X	X
Maria T. Eimstad	Styrar Kverneland barnehage	X	X	X
Ellen Marie Svendsvoll	Styrar Ådalen barnehage	X	X	
Tanja Bø Uggerud	Dagleg leiar Eivindsholen FUS barnehage	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Randi Gording og rådgivar Hanne Sørli Ronæss.